

Årsmelding 2023

Kinsarvik Bygdekvinnelag

Årsmøte

Årsmøtet 2022 vart halde i kantina i kommunehuset i Kinsarvik 7.11.2022

Det møtte 23 medlemmer.

Vanlege årsmøtesaker og val.

Val

Dei i styret som stod på val var : Helene Olsen. Ho tok ikkje attval som leiar men ho tok attval som styremedlem. Anne Eitrheim - tok attval. Elisabeth Rolland - tok ikkje attval.

Vara på val (kvart år): 1. Bodil W. Ystanes – tok ikkje attval. 2. Helga Auganes – tok attval.

Valnemnd på val: 1. Gudrun Halland – tok ikkje attval. 2. Inger Dyrnesli - vart førslegen av Helene Olsen som ny leiar. Det vart vedteke.

Styret konstituerte seg seinare og vart sett saman slik:

Styret for 2023 :

Leiar : Inger Karin Dyrnesli

Nestleiar : Helene Olsen

Kasserar : Anne Eitrheim

Skrivar : Jorunn Nornes Opedal

Studieleiar : Margareth Moberg

Styremedlem: Kirsti Kinsarvik Nedrevåg

Ansvarleg for laget si heimeside : Margareth Moberg

Varafolk : 1. Brita Helleland

2. Helga Auganes

Valnemnd : 1 Gudbjørg Grønsdal, leiar

2 Gunn Berit Beck

Turnemnd : Elin Liland Skår og Trine Urheim

Revisorar : Kirsti M. Lutro, Audhild Buddenbaum

Andre saker:

Årsmelding, rekneskap og årsplan

Årsmøtet vidare:

Helene Olsen takka dei som gjekk ut av styret og ynskte ny medlem velkomen. Ho ynskte og den nye leiaren velkomen og lukke til med arbeidet. Margareth Moberg takka Helene for arbeidet som leiar i ni år og Anne Eitrheim gav henne ein blom frå laget. Deretter vart det kaffi, smørbrød og kake, og heilt til slutt gratislotteri.

Antal medlemmer, møte og arrangement m.m.

Laget har dette året hatt ein stor medlemsauke og talde i midt i oktober 60 medlemmer. Dette skuldast mykje at ein er blitt meir synlege på facebook med vervebrev og informasjon både der og på heimesida, og delvis at mange endeleg har sett kva laget betyr i ei lita bygd. Kinsarvik bygdekvinnelag vart kåra til beste lag på årsmøtet til Hordaland bygdekvinnelag i mars når det gjeld medlemsauke, og fekk 1. premie på kr 1 500,-.

Jorunn Nornes Opedal, styremedlem, har diverre gått bort i september.

Kontingenten vert kravd inn sentralt og har vore kr 740,-, noko av dette går til HBK.

Laget betalte utgiftene til mat på årsmøtet, og det er ikkje teke loddengar /kaffipengar på medlemsmøta. Dette er som ein kompensasjon for høg kontingent.

Det har vore stor aktivitet i laget dette året.

Styret har hatt 10 møte. Elles ein god del kontakt via telefon og e- post.

Laget har hatt 7 medlemsmøte, inklusiv eit velkomstmøte med nye medlemmer og 2 bakedagar i eldhuset. Me har hatt eller delteke i 5 arrangement og gjennomført 3 fotturar i nærmiljøet. Turnemnda skipa i år til Blåtur til Voss.

Arrangement:

Kultur og tradisjon 13. februar i kantina i heradshuset

Me inviterte flyktningar og innvandrarakar til kulturutveksling.

Tema: Fastelavn. Brita Helleland snakka om faste i dei ulike religionar. Det vart laga fastelavnsris og servert fastelavnsbollar. Leiaren fortalde litt om kva styret har jobba med. Det møtte 21 damer i alt til dette arrangementet. Berre to frå våre nye landskvinner kom, men nokre andre frå bygda var med oss, så det vart eit hyggeleg arrangement. Elles var det både diktlesing og gratis utlodding.

Poesikveld på biblioteket 13. mars 2023

I samarbeid med Ullensvang Mållag og Kinsarvik bibliotek inviterte Kinsarvik bygdekvinnelag til poesikveld på biblioteket. Om lag 50 personar møtte.

Ellen Løvhaug Harrison var hovedgjest. Ho presenterte debutboka si «Søv berre når du søv». Ho hausta stor applaus og fekk seldt ein del bøker Det var i tillegg lagt opp til open mikrofon, så dei som ville kunne få lesa eigne eller andre sine tekstar. Fleire nytta sjansen. Det var kaffimat og loddsal med mange fine gevinstar, både litteratur og anna. Ein svært vellukka kveld.

Hardingdans og dansefest for heile familien på Krossvoll 26.april

Klassar på mellomtrinnet på Kinsarvik og Opedal skule med familie var samla til dansefest, som ei avslutning på danseopplæring gjennom Den Kulturelle Skulesekken (DKS). Avslutningsfesten var i regi av Ullensvang kulturskule, Ullensvang ungdomslag v/leikarringen på Lofthus, Kinsarvik bygdekvinnelag og hardingfela.no. Kinsarvik bygdekvinnelag stod for mat og servering. Frukt var sponsa av Spar Kinsarvik. Ca 80 personar møtte fram.

Sommarbasar ved Borstova 10. juni 2023 - med loddsal på bok

Den tradisjonelle Kakedagen i juni skifta dette året namn til SOMMARBASAR. På grunn av mange nye yngre medlemmer med ein travel kvardag, vart det opna for andre gevinstar i tillegg til bakverk og blomar, slik tradisjonen var før. Mykje fine gevinstar kom inn. Krotakakegevinstantane var sjølv sagt dei viktigaste.

På førehand hadde laget seldt loddar på bok med mange flotte gevinstar gitt av medlemmer, laget, nokre bedrifter og kommunen v. biblioteket. Inntekta frå loddsalet går til beste for bygda.

Ca 110 personar, inkl medlemmer, fann vegen til Borstova denne laurdagen. I tillegg til årer, fekk dei frammøtte kjøpa seg kaffi og kake. Saft var gratis. Elin Skår sytte for god stemning med toradertonar i pausane. Heilt til slutt vart loddbøkene trekte. Resultatet av basar og loddsal på bok vart strålande.

Eldhusbaking med 7. kl frå Kinsarvik skule 20.juni

Tradisjonen tru, hadde laget krotakakebaking med 7. kl frå Kinsarvik skule i eldhuset ved Bråvolltunet. Det var i alt 16 elevar som måtte delast inn i 3 grupper + 1 assistent. 4 medlemmer frå laget stilte som lærarar. Elevane viser alltid stor innsatsvilje og er svært glade for å få kaker og oppskrift med seg heim.

Medlemsmøta me har hatt:

Adventsmøte i Borstova 5. desember, med gjester.

25 damer var samla denne kvelden i den lune, adventspynta stova. Møtet starta med lystenning og song. **Hovedgjest var soknepresten i Ullensvang, Leni Mæland.** Ho fortalde om seg sjølv og arbeidet sitt. Jola-quiz, kursorientering, diktlesing og meir song stod på programmet vidare. Det vart ein hyggeleg kveld, og me fekk læra den nye soknepresten betre å kjenna.

Møte i Fjordahallen 9. januar

Tema: Veggen inn i språket v. Margareth Moberg. Det møtte 15 medlemmer.

Margareth er lærar og har teke ekstrautdanning i norsk som andrespråk, sidan det er mange minoritetsspråklege elevar ved Kinsarvik skule. Me fekk mellom anna høyra korleis dei startar innlæring av andrespråk og kva som ligg i læringsløypa. Lenge sidan denne forsamlinga hadde hatt så mykje grammatikkundervisning. Etter kaffi og god mat vart det **Kahoot**, som Margareth hadde laga, med spørsmål frå innlegget ho hadde halde. Kaffinemnda sytte som vanleg og for gratis utlodding.

Velkomstmøte med nye medlemmer 27. mars i kantina i heradshuset.

Med så mange nye medlemmer var det viktig å ta dei godt imot og høyra kva tankar og forventningar dei hadde. Difor vart alle nye inviterte til eit eige møte saman med styret. Berre 11 hadde høve til å møta denne gongen. Etter at leiar Inger Dyrnesli hadde ynskt forsamlinga velkomen og presentert styret, tok Helene Olsen seg av litt historikk i grove trekk. Det gledelege faktum at så mange nye hadde meldt seg inn på kort tid, hadde inspirert Helene til å skriva eit dikt om dette temaet, som ho las opp. Jorunn Nornes Opedal orienterte om ein del aktivitetar og tema laget har hatt. Ho lanserte og ideen om å skifta namn på kakedagen til SOMMARBASAR. Leiaren overrekte laget sitt jubileumshefte til dei nye medlemene. Ho gjorde og kjent at laget hadde vunne 1. plass i medlemsverving. Premien var kr 1 500,-.

Hagemøte hjå Margareth Moberg 17. april

Tema: Bokashi-kompostering v. Margareth. Møtet vart halde i hagen hennar, under partytelt med stolar nok til alle. 15 deltakarar i alt. Margareth har drive med bokashi- kompostering i fleire år. Ho viste og fortalde om utstyr, framgangsmåte og prosess. Ho fekk blomar og takk for ein lærerik kveld. Kaffinemnda sytte for kaffimat og gratislotteri også denne kvelden.

Bakedagar i eldhuset 06.06 og 07.06.2023 (baking til SOMMARBASAREN)

Bakedagane i eldhuset er eit godt høve til å få drøfta lagssaker medan kjevlet går, så difor er det god dekning for å kalla desse dagane også for medlemsmøte. Det vert baka i to lange dagar, frå kl 8.00 til kl 20.00, 3 skift kvar av dagane med 4 personar på kvart skift.

Planleggingsmøte i kantina i heradshuset 9. oktober

Møtet var eit orienterings- og planleggingsmøte før årsmøtet 6. november 2023 og for komande arbeidsår/årsplan. 20 damer møtte. Etter at leiar hadde ynskt velkomen med gode ord og eit dikt av Jon Fosse, mintest me styremedlem som nyleg var gått bort, Jorunn Nornes Opedal, med å tenna eit lys for henne.

I programmet for kvelden var presentasjon av planlagde kurs og andre aktivitetar som styret føreslo. Det var ope for innspel frå medlemene. På årsmøtet 2023 vil me markera at laget er 75 år. Distriktsleiar vil koma på møtet og det var stemning for ha eit musikalsk innslag, gjerne frå ei av medlemene + god mat.

Innkomne saker vart presenterte og handsama, vedkomande bassenget i Kinsarvik, jolegateopning, dansefest på Krosvoll m.m. Kaffistund og gratis utlodning v. kaffinemnd og meir diktlesing v. leiar som avslutning.

Fotturar i april/mai

1. tur, 18. april, gjekk frå Bråvoll opp banelinja til Grindaløa med matpause der. Turleiar var Trine Urheim. Lite framme denne gongen.

2. tur, 9. mai, frå Ystanes, langs fjøra til Stutastå på Urheim. Turleiarar var Elin og Trine. Me vart invitert inn i Trine og Egil sin trivelege sommarresidens der, til kaffi og kake. Flott tur langs stranda til ei fantastisk fin perle ved fjorden.

3. tur, 22. mai, gjekk frå Skredhaugen til Opedal skule og tilbake til Skredhaugen, der me benka oss under eit stabbur, på grunn av regnver, og naut nistematen vår der. Turleiarar var Trine og Elin. Lagssaker stod og på agendaen.

4. tur, som skulle gå ned til fjøra frå Dalesvingen og vidare langs fjøra til Gråten, vart først utsett og seinare avlyst.

Blåtur 29.august

Turnemnda hadde lagt opp ein fin tur til Voss denne gongen. 8 medlemer melde seg på, som vart fordelte i 3 bilar. Første stopp var Mølstertunet, der me fekk guida omvising i dei gamle bygningane. I tillegg fekk me sjå fine utstillingar i hovedbygget. Kaffi og lappar kunne kjøpast der, så det vart lunsjen. Turen gjekk vidare til Bordalsgjelet, som var ei spektakulær oppleving. Derifrå gjekk turen til Vangen der me beundra det nyoppussa monumentet «Ridande vossabryllaup» av Nils Bergslien og til slutt Bergslitræet i Prestegardsmoen. Middag på Vangen kafe. Me takkar turnemnda for den fine og lærerike turen.

Andre aktivitetar:

*Enkel matsservering på biblioteket ein ettermiddag.

Mange born oppheld seg på biblioteket etter skuletid, og det kan vera trong for noko å bita i. Nokre medlemer frå laget møtte opp ein ettermiddag og serverte bollar og saft. Dette var svært populært.

*Nokre medlemer har møtt på språkkafe for flyktningar og innvandrarakar, og det har vore litt kontakt med Kinsarvik frivilligsentral.

*Styret v. leiar har vore i kontakt med kommunen fleire gonger vedkomande oppgradering av Borstova, som ei oppfølging av brev sendt om same sak i 2022. Else Marie Sandal har vore på synfaring i Borstova, men det er framleis ikkje kome nokon endeleg lovnad/løysing på spørsmål om å få til eit tekjøken.

*Styret v. leiar og 1. vara har hatt mykje kontakt med kommunen og bassengansvarleg for å få i gang att offentleg bading i bassenget ved Kinsarvik skule. Dei to frå styret har og vore i møte med ordførar om Borstova og basseng. Grunnen til at bassenget har vore stengt for offentleg bading, er mangel på badevakter. Kommunen seier dei jobbar med saka, og går no ut til idrettslag og bygdekvinnelag og spør om dei kan stilla med badevakter mot timebetaling til laget. Summen er meint å dekkja både timebetaling til badevakter og administrasjon til laget.

*Saman med Hårteigen 4H har laget søkt om midlar til flyktningar på akuttmottaket. Søknad vart imøtekomen. 4H stod for den praktiske gjennomføringa av aktivitetar for born og unge saman med mottaket.

*Leiar har hatt kontakt med medlemene via brev fleire gonger i løpet av arbeidsåret, og etter Sommarbasaren vart det sendt ut eit sommarbrev med takk for innsats/medlemsskap og eit ynskje om «God sommar» til alle.

*Laget har søkt om momskompensasjon.

Løyvingar og gåver

Hårteigen 4H: ca kr 750,- (2 fruktkorger)

Ullensvang Skulemusikklag: ca kr 750,- (2 fruktkorger)

Vennemynten: kr 400,-

Hjelpfondet: kr 600,-

Levekårsprosjektet: kr 3280,- til mat og jolegåver

Blomegåve til æresmedlem 100 år, Hilborg Instanes

Blomegåve til æresmedlem 90 år, Anne Lutro

Blomegåve i samband med gravferd styremedlem, Jorunn Nornes Opedal, blommar til ulike programhaldarar, kurshaldarar, bakehjelpar og til leiar som gjekk av i 2022.

(Løyving på kr 3 000,- til skrivekurs på biblioteket var gjort i okt. 2022. Kurset vart utsett då, men skal haldast i november 2023.)

Mottekne midlar og gåver

Momskompensasjon kr 5213,-

Grasrotmidlar kr 516,60

Hordaland bygdekvinnelag – vervepremie kr 1 500,-

Studieforbundet Kultur og tradisjon - tilskot kurs kr 2646,-

Kundeutbytte Gjensidige kr 716,-

Innkjøp til laget

Det er ikkje gjort nokon nye innkjøp til laget dette året.

Kurs

Bunadskurs – hardangersaum v. lærar Torill Opedal Hauge, etter jol: - 8 deltakarar
Kurset har motteke tilskot frå Studieforbundet kultur og tradisjon.

Krotakakekurs for karar: 3 lærarar frå laget - 4 « «

Krotakakekurs for medlemer: 3 lærarar frå laget - 7 « «

Utsendingar til møte.

*Årsmøtet i HBK 2023: Ingen frå Kinsarvik møtte.

*Årsmøte i Fjordahallen Utstyrslag – leiar Inger Dyrnesli møtte for Kinsarvik bygdekvinnelag

*Bygdekvinnestreif på Huglo: 4 medlemer deltok.

*Digitalt kurs om økonomi i regi av NBK: Leiar Inger Dyrnesli deltok

*Digitalt kurs om medlemsregister « : Leiar Inger Dyrnesli deltok

Til utleige

Laget har til utleige brure- og brudgomsbunad , og konfirmantbunader til gutar.

Herre-/konfirmantbunadene vart leigde ut til Kinsarvik, Lofthus, Bergen, Ulvik og Granvin, i alt 7 gonger.

I tillegg har brurebunaden og 4 herrebunader vore utleigde til Hardanger Folkehøgskule.

Åse Utby Lutro har ansvaret for utleige av brurebunaden, medan Helene Olsen har ansvar for utleiga av konfirmant-/herrebunadene.

Facebook-side

Kinsarvik bygdekvinnelag har eiga facebook-side som leiar Inger Dyrnesli og Margareth Moberg har hatt ansvaret for.

Heimeside

Laget har ei fin heimeside. Her legg Margareth ut fine bilete og tekst frå dei fleste aktivitetane våre. Gå inn på : Bygdekvinnelaget.no. Vel lokallag.

Me ser tilbake på eit aktivt arbeidsår, med kraftig aukande medlemsmasse. Styret takkar medlemmene for godt samarbeid!

Styret

Skrivar
Helene Olsen
nestleiar

